

Uskedelinger i "Nyklekt og småfrekt"

05.12.2007

Årets russekull er no inne i ein hektisk innsjutt når det gjeld russerevyen. Torsdag skal alt vera klart til premiere. Revyen har fått tittelen "Nyklekt og småfrekt". Frå generalprøven får vi meldt at både dei tre uskedelingerne og resten av 43 i revygruppa gjer ein flott jobb.

Stine Saghaug og Joakim Myhre Eik gjer begge ein god figur på scena, medan Hanne B. Berntsen er ein av dei travelt opptekne scenearbeidarane.

Stine fortel til Grenda at det er knallkjekt å vera med på russerevy. – Eg gler meg til å koma på scena og sjå reaksjonane til publikum, seier ho vidare.

Til å hjelpa seg med oppsetjinga har elevane hatt hjelp av revymeisteren Bjørn Skibenes, og han lovar oss ein knallrevy. Han meiner at elevane absolutt må vera stolte av produktet sitt

Vi ønskjer revygruppa lukke til og håpar dei får fulle hus slik dei fortener. Overskotet vil verta gjeve til eit godt føremål.

Thor Inge Døssland.